



MØTEPROTOKOLL ELDRERÅDET

Møtedato: 08.12.2015
Møtestad: Heradshuset, møterommet i 2. et.
Møtetid: 12:00 - 15:00

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Helge Risnes		Medlem
Bjarnhild Helle		Medlem
Agnar Sellevold		Medlem
Sigmund Simmenes	SP	Medlem
Karin B. Groth	FRP	Medlem

Andre møtande:

Solrun Hauglum, sekretær.
Truls Morten Kaland deltok under sak 14/2015.
Ole Johnny Domben deltok under sak 16/2015.

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
12/2015	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
13/2015	Konstituering av Eldrerådet - val av leiar, nestleiar og representant til styret i Frivilligsentralen
14/2015	RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2016
15/2015	KOMMUNEDELPLAN HELSE OG OMSORG - 1. GANGS HANDSAMING OG HØYRING
16/2015	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR



12/2015: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Eldrerådet 08.12.2015

Behandling:

ELD - sak 12/2015 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

Det er ønske om at varamedlem får tilsendt møteinnkalling, saksliste og referat.

13/2015: Konstituering av Eldrerådet - val av leiar, nestleiar og representant til styret i Frivilligsentralen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

..... vert vald til leiar i eldrerådet for perioden 2015 – 2019

.....vert vald til nestleiar i eldrerådet for perioden 2015 – 2019

.....vert vald som representant til styret i Frivilligsentralen

Eldrerådet 08.12.2015

Behandling:

ELD - sak 13/2015 Vedtak/Tilråding:

Helge Risnes vert vald til leiar i eldrerådet for perioden 2015 – 2019

Bjarnhild Helle vert vald til nestleiar i eldrerådet for perioden 2015 – 2019

Karin Groth vert vald som representant til styret i Frivilligsentralen

14/2015: RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2016



Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2016 vert teken til orientering.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet vil gje si endelege tilråding i møte den 23.11.2015.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 16.11.2015

Behandling:

Oppdrag til rådmannen:

Oppdatere dokumentet etter formannskapet si handsaling/leggje fram til formannskapsmøtet den 23.11.2015:

- Oppdatere slik at kapitalbudsjettet 2015 også blir med – endrer til innstilling
- Gjeldsporteføljen – skilje mellom investeringar til sjølvkost og anna gjeld i presentasjonen....
- Gje oversikt over sjølvkostgjelden
- Oversikt over lån med rentekompensasjon
- Økning i gebyr knytt til vassverket på Vaksdal – kva ligg i den konkrete berekninga – til saka i formannskapet

Andre strateginotat/drøftingsnotat til formannskapet i samband med budsjetthandsaminga:

- Flyktninger – regnestykke på utslag hvor mange, melde inn behov på vår infrastruktur – spennende tanke - - ber om møte med Fylkesmannen
- Regne på økning av folketallet – ulike scenario

Elles:

- OBS!! Sende utgreiingane skulestruktur til formannskapet
- Formannskapet ynskjer å vere oppdatert på utvikling avdøing og tilsettes vilkår i barnehage i samband med barnehageopptaket
- Oppslag om krisesenter må på plass - oppdatere heimesidene og lage tilgjengeleg informasjon
- Økonomirapportering 2 hver måned- særleg helse- og omsorg, følgje årssyklus
- Folkehelse- og familie: tidleg får ei orientring om tilstanden i dei ulike arbeidsområda

FPØ - sak 93/2015 Vedtak/Tilråding:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2016 vert teken til orientering.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet vil gje si endelege tilråding i møte den 23.11.2015.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 23.11.2015

Behandling:

Framlegg til vedtak lagt fram i møtet:



Vaksdal kommune

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2016 m/endringsframlegg frå formannskapet vert vedteke.

Samrøystes vedteke.

FPØ - sak 106/2015 Vedtak/Tilråding:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2016 m/endringsframlegg frå formannskapet vert vedteke.

Levekårsutvalet 07.12.2015

Behandling:

Kommunalsjef helse og omsorg og kommunalsjef oppvekst orienterte.

Framlegg til vedtak lagt fram i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2016 vert teke til orientering.

LEV - sak 27/2015 Vedtak/Tilråding:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2016 vert teke til orientering.

Administrasjonsutvalet 07.12.2015

Behandling:

Framlegg til vedtak lagt fram i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2016 vert teke til orientering.

Samrøystes vedtak.

ADM - sak 12/2015 Vedtak/Tilråding:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2016 vert teke til orientering.

Eldrerådet 08.12.2015

Behandling:

Framlegg til vedtak frå leiar av eldrerådet:



I møte 08.12.2015 har Eldrerådet blitt orientert om Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2016. Avsnitt «Helse og omsorg» vart særleg drøfta. Også Eldrerådet må ta inn over seg at kommunen får meir krevjande økonomi med reduksjon i inntekter. Me er einig i målsettinga om å vri tenestene over mot meir helsefremjande, forebyggjande og rehabiliterande tiltak. Me er likevel oppteken av at dei som har trong for kommunale tenester innan helse og omsorg får ei tilfredsstillande, kvalitetsmessig og verdig oppfølging uansett kva trinn dei vil vera på i omrorgstrappa.

Samrøystes vedteke.

ELD - sak 14/2015 Vedtak/Tilråding:

I møte 08.12.2015 har Eldrerådet blitt orientert om Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2016. Avsnitt «Helse og omsorg» vart særleg drøfta. Også Eldrerådet må ta inn over seg at kommunen får meir krevjande økonomi med reduksjon i inntekter. Me er einig i målsettinga om å vri tenestene over mot meir helsefremjande, forebyggjande og rehabiliterande tiltak. Me er likevel oppteken av at dei som har trong for kommunale tenester innan helse og omsorg får ei tilfredsstillande, kvalitetsmessig og verdig oppfølging uansett kva trinn dei vil vera på i omrorgstrappa.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 09.12.2015

Behandling:

Framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2016 med endringsframlegg frå Formannskapet vert teken til orientering.

Samrøystes vedtak.

RFF - sak 14/2015 Vedtak/Tilråding:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2016 med endringsframlegg frå Formannskapet vert teken til orientering.

Kommunestyret 14.12.2015

Behandling:

Melding om vedtak/uttale til budsjettet frå Arbeidsmiljøutvalet vart lagt fram i møtet.

Oversendingsforslag frå Anneli Vatile Lilletvedt på vegner av SV, H, KRF, FRP, MDG:

Kommunestyret ber om ei orientering i neste møte vedr. støttefunksjonane til barn og unge i kommunen, innan fagfelt

- rus og psykiatri



Vaksdal kommune

- skulepsykolog
- barnevern
- helsesøster

Oversendingsforslag frå Boris Groth på vegner av SV, H, KRF, FRP, MDG:
Evaluering folkebadet

Kommunestyret ynskjer ei sak som belyser:

- organisering og opningstider
- betalingsattsar og total økonomi
- helsebadet, temperaturar m.m.

innan 1. halvår 2016.

Oversendingsforslag frå SV:
Brøyting Herfindalsvegen.

Kommunestyret ber administrasjonen førebu sak til kommunestyret til februar 2016 gjeldande brøyting av Herfindalsvegen og eventuell opning av vegen til påske 2016. Ei slik sak bør innehalde eventuelle konsekvensar for vegvedlikehald, planlagt vedlikehald sommaren 2016 og ei oppdatert kalkyle over kva det vil koste å opne vegen til 2016.

Kommunestyret slutta seg samrøystes til alle oversendingsforslaga.

KOM - sak 87/2015 Vedtak/Tilråding:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2016 m/endringsframlegg frå formannskapet vert vedteke.

15/2015: KOMMUNEDELPLAN HELSE OG OMSORG - 1. GANGS HANDSAMING OG HØYRING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslovens § 11-14 vert planforslag til kommunedelplan for Helse og omsorg 2015 – 2030 lagt ut til offentlig ettersyn.

Levekårsutvalet 28.09.2015

Behandling:

Saka skal til vidare behandling i formannskapet som plannemnd og til kommunestyret.



Omsorgsplanen vert oppdatert med opplysningar framkome i møtet.

LEV - sak 17/2015 Vedtak/Tilråding:

Med heimel i plan- og bygningslovens § 11-14 vert planforslag til kommunedelplan for Helse og omsorg 2015 – 2030 lagt ut til offentlig ettersyn.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.10.2015

Behandling:

Kommunalsjef helse og omsorg orienterte.

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 88/2015 Vedtak/Tilråding:

Med heimel i plan- og bygningslovens § 11-14 vert planforslag til kommunedelplan for Helse og omsorg 2015 – 2030 lagt ut til offentlig ettersyn.

Eldrerådet 08.12.2015

Behandling:

ELD - sak 15/2015 Vedtak/Tilråding:

Eldrerådet tek saka til orientering, og eventuell høyringsuttale vert sendt innan fristen 21.01.2016.

16/2015: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

- Mandat og lovverk
- Orientering om prosjektet "Lev Vel i Vaksdal" v/ Kommunalsjef Solrun Hauglum
- Den kulturelle spaserstokken v/ Ole Johnny Domben
- Kulturplan v/ Ole Johnny Domben

Eldrerådet 08.12.2015



Behandling:

- Den kulturelle spaserstokken: Eldrerådet ønskjer å vera med å planleggja programmet for hausthalvåret. Program må vera i samsvar med føringane for tildeling av midlar.
- Kulturplanen: Eldrerådet vert bedt om å komma med innspel til planen, til delen om aktivitetar for eldre, og det hastar med å komma med innspel. Planen skal ut på høyring etter handsaming i Formannskapet på første møte etter nyttår.

ELD - sak 16/2015 Vedtak/Tilråding:

Sakene vert tatt til orientering.

Eventuelt:

Avvikling av sjukeheimplassane i Modalen. Eldrerådet meiner at dei Vaksdalspasientar som i dag har sjukeheimplass på Modalstunet, må sleppa å flytta til Daletunet eller Vaksdal sjukeheim dersom dei ikkje ønskjer det. Eldrerådet har utforma eit notat som vert levert til ordføraren.

Møtedatoar for vårhalvåret 2016. Eldrerådet ønskjer å holda på møtetidspunkt tysdag ettermiddag. Møta vert etter oppsett møteplan for politiske møte, d.v.s. to møte våren 2016. Sekretær kallar inn, og kallar også inn til ekstra møte dersom det trengst.